Med dagens kostnadsnøkkel utløyser alle ferjesamband det same beløpet i utgiftsutjamninga. Grunnbeløpet i ferjeavløysingsordninga, før justering for auka drifts- og vedlikehaldsbehov på vegnettet, er dermed òg det same for alle ferjesamband. Det vil endre seg med den nye nøkkelen frå 2018. I den nye nøkkelen er kriteria for ferjer "normerte ferjekostnader" og "tal på skulereiser med ferjer". Dei normerte ferjekostnadene varierer frå samband til samband, og grunnbeløpet eit ferjesamband utløyser i årlege ferjeavløysingsmidlar vil dermed også variere.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Lars Tore Rydland
22 24 68 80

Kommunal- og forvaltningskomiteen kom med følgjande merknad under behandlinga av kommuneproposisjonen for 2018, jf. Innst. 422 S (2016–2017):

Komiteen mener det er naturleg at de søknader som kommer inn til departementet i 2017, og som tilfredsstillar kravene til en fullstendig søknad etter retningslinjene for ordninga, blir behandlet ut ifra nivået på nøkkelen slik den er i 2017. Søknader fra og med 1. januar 2018 blir behandlet ut ifra ny nøkkel.

Endeleg og fullstendige søknader som kjem inn til departementet i år, vil altså bli behandla ut frå dagens kostnadsnøkkel i inntektssystemet for 2017, mens søknader frå og med 1 januar 2018 blir behandla ut i frå ny nøkkel.

Krav til fullstendig søknad

I tråd med merknaden frå kommunal- og forvaltningskomiteen, må ein søknad tilfredsstillar krava til ein fullstendig søknad etter retningslinjene for ordninga for å kunne bli behandla ut frå dagens kostnadsnøkkel. Det er derfor viktig at prosjektet er utgreidd grundig før det blir søkt om ferjeavløysingsmidlar, for å sikre at vegmyndigheitene og departementa har tilstrekkeleg grunnlag til å fatte vedtak og rekne ut storleiken på eventuelle ferjeavløysingsmidlar.

Retningslinjene er publiserte som vedlegg til kommuneproposisjonen for 2018 og på nettsidene til departementet, og stiller følgjande krav til ein fullstendig søknad:

- Det må liggje føre ein godkjent reguleringsplan (jf. punkt 3.3 i retningslinjene).
- Det må liggje føre ein realistisk finansieringsplan for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/- 10 prosent (jf. punkt 3.3).
- Det skal vere gjennomført ei ekstern kvalitetssikring for prosjekt med ein kostnadsamme på over 750 mill. kroner (jf. punkt 3.3).
- Søknaden må vere behandla av fylkestinget og fylkestinget må ha gjort eit prinsippvedtak om prosjektet (jf. punkt 4.4)
- Søknaden skal innehalde informasjon om det nye vegnettet, inkl. framdriftsplan og opplysningar om endringar i veglengda fordelt etter vegtype/vegelement, vegstandard og trafikkprognose i ÅDT i opningsåret (jf. punkt 4.5).
- Viss prosjektet omfattar bompengefinansiering, skal bompengesøknad og søknad om ferjeavløysingsmidlar sendast Statens vegvesen i same sak (jf. punkt 4.5).

Søknadsprosess

Søknadsprosessen for ferjeavløysingsmidlar går fram av retningslinjene for ordninga.

Prosessen består av desse stega:

1. Først skal fylkeskommunen avklare om vegprosjektet kjem inn under ordninga ved å rette ein førespurnad om førehandsavklaring til Samferdselsdepartementet.
2. Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjev i samband med førehandsavklaringa eit overslag på årlege ferjeavløysingsmidlar prosjektet kan utløyse, med utgangspunkt i inntektssystemet som gjeld på det tidspunktet overslaget blir gjeve. Overslaget er førebels og tek utgangspunkt i inntektssystemet slik det er på

det tidspunktet førehandsavklaringa blir gjeve. Det endelege beløpet blir rekna ut i samband med behandlinga av den endelege søknaden.

3. Fylkeskommunen sender den endelege søknaden til Statens vegvesen regionalt.
4. Søknaden blir først behandla av Statens vegvesen regionalt, før den blir sendt vidare til Vegdirektoratet som gjev ei tilråding til Samferdselsdepartementet. Samferdselsdepartementet avgjer så endeleg om prosjektet kjem inn under ordninga.
5. Når Samferdselsdepartementet har gjort endeleg vedtak om at prosjektet kjem inn under ordninga, fastset Kommunal- og moderniseringsdepartementet storleiken på ferjeavløysingsmidlane og lengda på utbetalingsperioden.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Lars Tore Rydland
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Samferdselsdepartementet
Statens vegvesen Vegdirektoratet

Adresseliste

Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Bedriftssenteret Postboks 7900	5020	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune	Prinsens gate 100	8048	BODØ
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Seilmakergata 2	7735	STEINKJER
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350	7004	TRONDHEIM
Telemark fylkeskommune	Sluppen Postboks 2844	3702	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 517	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Lundsiden Svend Foyns gate 9	3126	TØNSBERG
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref
15/1238

Dato
23. august 2017

Ferjeavløysingsordning fylkesvegferjer. Avklaringar etter møte 20. juni i år

Samferdselsdepartementet viser til møtet med Hordaland fylkeskommune med fleire 20. juni i år, om ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer.

I møtet vart reist ein del problemstillingar for å koma inn under ferjeavløysingsordninga med kostnadsnøkkelen som gjeld for inntektssystemet for 2017, jf. nedanfor. Det vart mellom anna stilt spørsmål ved regelverket for ferjeavløysingsordninga. Etter retningslinene vert det stilt krav til godkjent reguleringsplan før handsaming av endeleg søknad om ferjeavløysingsmidlar. Konkret vart det i møtet sett fram forslag om å gå bort frå kravet om godkjent reguleringsplan, og at godkjent kommunedelplan skal vera tilstrekkeleg som grunnlag for å senda søknad om ferjeavløysingsmidlar.

Retningsliner for ferjeavløysingsordninga for fylkesveg med krav om reguleringsplan har vorte presenterte for Stortinget både i kommuneproposisjonane for 2017 og 2018. Stortinget har ikkje stilt spørsmål til retningslinene på dette punktet. Det er fleire gode grunnar til at det i retningslinene vert stilt krav om godkjent reguleringsplan. Forsvarleg sakshandsaming er eitt sjølvstendig argument. Det er viktig med realistisk og grundig utgreiing før fylkestinga fattar vedtak om prosjekt. Retningslinene er grundige, nettopp for å sikra forsvarleg sakshandsaming. Det er og grunn til å minna om at det generelt krevst reguleringsplan for gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak. Det er dermed ikkje spørsmål om det skal utarbeidast ein reguleringsplan for eit ferjeavløysingsprosjekt. Spørsmålet er heller om

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 904

Avdeling
Veg- og
trafiksikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Dag Namtvedt
22 24 82 49

planen skal vera klar før fylkestinget fattar vedtak og den endelege søknaden vert sendt departementet.

Planlegging etter plan- og bygningsloven er ein viktig demokratisk prosess. Motsegner som kan koma i prosessen, kan ha vesentlege konsekvensar for eit ferjeavløysingsprosjekt. Dette vil kunna vera endringar som har konsekvensar for kostnadsoverslag, som på si side kan ha konsekvensar for utrekning av ferjeavløysingsmidlar. Retningslinene krev ein realistisk finansieringsplan med kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/-10 prosent. Manglande reguleringsplan inneber uvisse i prosjektet som kan gjera det vanskeleg å utarbeida eit realistisk kostnadsoverslag. Før det vert gjennomført KS2 for større samferdselsprosjekt (prosjekt over 750 mill. kr) er det krav om gjennomført reguleringsplan.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev orientert fylkeskommunane om retningslinene for ferjeavløysingsordninga etter handsaming av kommuneproposisjonen for 2018 i Stortinget. I brevet heiter det mellom anna:

Med dagens kostnadsnøkkel utløyser alle ferjesamband det same beløpet i utgiftsutjamninga. Grunnbeløpet i ferjeavløysingsordninga, før justering for auka drifts- og vedlikehaldsbehov på vegnettet, er dermed òg det same for alle ferjesamband. Det vil endre seg med den nye nøkkelen frå 2018. I den nye nøkkelen er kriteria for ferjer "normerte ferjekostnader" og "tal på skulereiser med ferjer". Dei normerte ferjekostnadene varierer frå samband til samband, og grunnbeløpet eit ferjesamband utløyser i årlege ferjeavløysingsmidlar vil dermed også variere.

Kommunal- og forvaltningskomiteen kom med følgjande merknad under behandlinga av kommuneproposisjonen for 2018, jf. Innst. 422 S (2016–2017):

Komiteen mener det er naturleg at de søknader som kommer inn til departementet i 2017, og som tilfredsstiller kravene til en fullstendig søknad etter retningslinjene for ordningen, blir behandlet ut ifra nivået på nøkkelen slik den er i 2017. Søknader fra og med 1. januar 2018 blir behandlet ut ifra ny nøkkel.

Endelege og fullstendige søknader som kjem inn til departementet i år, vil altså bli behandla ut frå dagens kostnadsnøkkel i inntektssystemet for 2017.

Det går altså fram av ovanståande at søknadene skal vera fullstendige for å verta handsama etter kostnadsnøkkelen som gjeld i 2017. Det er denne premissen det er sett fram ønske om å sjå bort frå. Tungtvegande grunnar talar mot å koma dette ønsket i møte, jf. argumentasjonen ovanfor. For å koma inn under ordninga i 2017 må det derfor liggja føre ein fullstendig søknad etter retningslinene, inkludert godkjent reguleringsplan.

Samferdselsdepartementet bed om at aktuelle kommunar vert orienterte om innhaldet i dette brevet.

Med helsing

Ola Brattegard (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt
underdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Kommunal- og moderniseringsdepartementet



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2017/4964-1

Vår ref
17/2656-12

Dato
7. september 2017

Overslag på ferjeavløysingsmidlar i samband med førehandsavklaring

Vi viser til brevet dykkar av 8. juni 2017 med førespurnad om avklaring av om fire ferjeavløysingsprosjekt i Hordaland kan komme inn under ferjeavløysingsordninga. De ber samstundes om eit overslag på storleiken på årlege ferjeavløysingsmidlar for prosjekta. Dei fire aktuelle prosjekta er:

- Masfjordbrua (ferjesambandet Masfjordnes–Duesund)
- Fjellbergsambandet (ferjesambandet Fjelberg–Sydnes–Utbjoa)
- Lerøy–Bjelkarøy (ferjesambandet Klokkarvik–Hjellestad)
- Nordhuglo–Hodnanes (ferjesambandet Jektevik–Hodnanes–Nordhuglo)

Samferdselsdepartementet har i brev av 26. juni 2017 stadfesta at dei nemnte ferjesambanda vil kunne komme inn under ferjeavløysingsordninga, jf. punkt 4.1 i retningslinjene for ordninga. Samferdselsdepartementet presiserer i brevet at ein føresetnad for å kunne komme inn under ordninga under inntektssystemet for 2017, er at det aktuelle sambandet blir heilt avløyst av eit fylkeskommunalt vegprosjekt.

I brevet ber de Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å rekne ut eit overslag på ferjeavløysingsmidlar for Masfjordbrua. For dei tre andre sambanda manglar det førebels informasjon om det nye vegnettet, slik at det ikkje er mogleg å trekkje frå den auka kompensasjonen for drifts- og vedlikehald på vegnettet. I staden ber de om eit overslag på årlege brutto ferjeavløysingsmidlar for desse prosjekta, altså før auka tilskot gjennom vegnøkkelen er trekt frå.

Masfjordbrua kan utløyse om lag 18,3 mill. kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar med dagens kostnadsnøkkel. Bruttobeløpet eit ferjesamband utløyser gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet med dagens nøkkel er om lag 21,1 mill. kroner i 2017. Brutto

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Lars Tore Rydland
22 24 68 80

ferjeavløysingsmidlar for dei tre andre prosjekta blir dermed også 21,1 mill. kroner med dagens nøkkel.

Vi presiserer at dette berre er eit førebels overslag i samband med førehandsavklaringa av om prosjekta kjem inn under ordninga. Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden vil bli rekna ut når fylkeskommunen har sendt endeleg søknad, og når Samferdselsdepartementet har behandla saka endeleg. Eventuelle endringar i vegprosjektet, inntektssystemet og/eller kriteriedata kan ha konsekvensar for utrekninga av ferjeavløysingsmidlane. Den endelege utrekninga kan derfor gje eit anna resultat.

Vi gjer samtidig merksam på at kommunal- og forvaltningskomiteen har lagt til grunn at søknader som kjem inn til departementet i 2017, og som tilfredsstillar krava til ein fullstendig søknad etter retningslinjene for ferjeavløysingsordninga, blir behandla ut frå nivået på nøkkelen slik den er i 2017 (jf. Innst. 422 S (2016–2017)). Endelege søknader som kjem inn etter 1. januar 2018, vil bli behandla ut frå ny nøkkel. Krava til ein endeleg søknad går fram av brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 13. juni 2017. Samferdselsdepartementet har i brev av 23. august 2017 stadfesta at kravet om godkjent reguleringsplan før ein endeleg søknad kan sendast, ligg fast.

Vi vil også minne om at fylkeskommunen i sum ikkje skal få meir i kompensasjon enn byggjekostnadene for vegprosjektet (jf. punkt 5.4 i retningslinjene). Renteutgifter til eventuelle lån for å finansiere prosjektet blir ikkje dekte av ordninga. Dette inneber at samla utbetaling i nominelle kroner ikkje skal overstige dei nominelle byggjekostnadene. Meirverdiavgiftskompensasjonen blir trekt frå byggjekostnadene ved fastsetjing av berekningsgrunnlaget.

Utrekning av overslag på ferjeavløysingsmidlar for Masfjordbrua

Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar blir rekna ut på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst av eit vegprosjekt. Tapet blir rekna ut ved å sjå på effekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet (jf. punkt 5.1 i retningslinjene). Beløpet blir justert for endringar i drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg i utgiftsutjamninga, sidan ei bru eller ein tunnel fører til ein auke i kompensasjonen gjennom vegnøkkelen i inntektssystemet (jf. punkt 5.2).

Utrekning med dagens nøkkel

I inntektssystemet for 2017 er kriteriet for ferjedrift "tal på ferjesamband", mens vegnøkkelen er sett saman av kriteria "fylkesvegfaktor drift og vedlikehald", "veglengde" og "tal på innbyggjarar". Fylkesvegfactoren er berekna med utgangspunkt i fylkesveglengda og tal for årlege kostnader til drift og vedlikehald av vegnettet. Dei årlege vedlikehaldskostnadene blir berekna med verktøyet MOTIV, som er Statens vegvesens modell for å rekne ut vedlikehaldsbehovet på vegnettet.

I inntektssystemet for 2017 vil Masfjordbrua gje ein reduksjon på eitt ferjesamband (Duesund–Masfjordnes) i kriteriedata. Samtidig vil vegprosjektet auke veglengda med om lag

1,2 km og drifts- og vedlikehaldsbehovet på vegnettet vil auke med om lag 3,2 mill. kroner (jf. brev frå Statens vegvesen med MOTIV-tal for Masfjordbrua).

Det berekna vedlikehaldsbehovet på vegnettet er ikkje det same som beløpet vegnøkkelen utløyser i utgiftsutjamninga. Det berekna vedlikehaldsbehovet er ein del av utrekninga av fylkesvegfactoren, og kor mykje fylkesvegfactoren utløyser i utgiftsutjamninga er avhengig av mellom anna det berekna vedlikehaldsbehovet på landsbasis, sektorvektene i kostnadsnøkkelen og samla utgiftsbehov som blir fordelt om etter samla kostnadsnøkkel det aktuelle året. I utrekninga av ferjeavløysingsmidlar blir det korrigert for beløpet som vegnøkkelen utløyser gjennom utgiftsutjamninga, og ikkje Statens vegvesens tal for berekna vedlikehaldsbehov.

Tabell 1 under viser utrekninga av endringa i fylkesvegfactoren som følgje av Masfjordbrua (sjå Grønt hefte 2017 (s. 63) for nærare informasjon om utrekning av faktoren).

Tabell 1 Utrekning av endring i fylkesvegfaktor for Hordaland fylkeskommune

	Vedlikehalds- behov	Veg- lengde	Vedlikehalds- behov per km	Vedlikehalds- faktor ¹	Fylkesveg- faktor
	1000 kr	Km			Faktor * km veg
Grønt hefte 2017	795 892	3 164,0	251,5	1,990	6 296
Inkl. ny veg	799 056	3 165,2	252,5	1,997	6 321
Endring	3 164	1,2	1	0,007	25

¹ Vedlikehaldsfaktoren er sett relativt til fylkeskommunen med lågast vedlikehaldsbehov per km, som i 2017 er Hedmark. Når Hordaland har ein faktor på 1,99, betyr det at fylkesvegane i Hordaland i snitt har eit vedlikehaldsbehov som er 99 pst. høgare enn i fylket med lågast vedlikehaldsbehov per km veg.

Endringane i kriteriedata som følgje av Masfjordbrua og effekten det har i utgiftsutjamninga i inntektssystemet for 2017 er vist i tabell 2 under:

Tabell 2 Effekt i inntektssystemet 2017 av endringar i kriteriedata pga. Masfjordbrua

Kriterium	Endring i kriteriedata	Effekt i utgiftsutjamninga (1000 kr)
Tal på ferjesamband	-1	-21 123
Veglengde (km)	1,2	28
Fylkesvegfaktor	25	2 817
Nettoendring i utgiftsutjamninga		-18 278

I inntektssystemet for 2017 utløyser eit ferjesamband 21,123 mill. kroner gjennom utgiftsutjamninga, og nedlegginga av ferjesambandet Duesund–Masfjordnes vil dermed gje eit tilsvarende tap i inntektssystemet for Hordaland fylkeskommune. Samtidig vil auken i vedlikehaldsbehovet og veglengda knytt til Masfjordbrua utløyse til saman 2,845 mill. kroner. Hordaland vil dermed ha eit nettotap i utgiftsutjamninga på 18,278 mill. kroner, og kan få eit tilsvarende beløp i årlege ferjeavløysingsmidlar.

Konsekvensar av departementets forslag til ny nøkkel

I kostnadsnøkkelen for båt og ferje for 2018 er hovudkriteriet for ferje "normerte ferjekostnader". Sambandet Masfjordnes–Duesund er eit kort samband med relativt liten trafikk, og sambandet har derfor ei relativt låg vekt i det nye ferjekriteriet. Ferjesambandet vil derfor utløyse eit lågare beløp i utgiftsutjamninga med den nye nøkkelen samanlikna med dagens nøkkel. Det er per i dag ikkje mogleg å rekne ut endeleg kva Masfjordbrua vil utløyse med ny nøkkel i inntektssystemet for 2018.

Vidare prosess

Samferdselsdepartementets brev av 26. juni gjaldt førehandsavklaring av prosjektet, og utrekninga av ferjeavløysingsmidlar i dette brevet er eit førebels overslag i samband med førehandsavklaringa. Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden vil bli berekna etter at fylkeskommunen har sendt den endelege søknaden (jf. punkt 4.3 til 4.5 i retningslinjene) og når Samferdselsdepartementet har behandla saka endeleg (jf. punkt 4.6 i retningslinjene).

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Lars Tore Rydland
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Samferdselsdepartementet



Statens vegvesen

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Behandlende enhet:
Vegdirektoratet

Saksbehandler/telefon:
Bernt Iversen / 99168389

Vår referanse:
16/125125-7

Deres referanse:
17/2656-9

Vår dato:
04.09.2017

Bestilling av MOTIV-tall for ferjeavløsningsprosjekt- Masfjordbrua i Hordaland

Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementets brev av 20. juni 2017.

Statens vegvesen har beregnet endringene i MOTIV-tall for drifts- og vedlikeholdsbehovet som følge av dette vegprosjektet. Som det framgår av tabellen nedenfor, er dette beregnet til kr 3 164 000 (prinsnivå 2016). Beløpet omfatter årlige kostnader til drift og vedlikehold, inkludert utskifting av utstyr etter endt levetid. Fylkeskommunen har opplyst at årsdøgntrafikken (ÅDT) i åpningsåret er anslått til 625 kjøretøyer.

Vegtype/vegelement	Antall meter	Vegstandard	Brutype/antall tunnellop	Kostnad (2016-kr ekskl. mva)
Veg i dagen	310	To felt (H1)	-	56 000
Veg på sjøfylling	0			-
Bru	840	To felt (H1)	Hengebru (inkl. viadukt mot bruspen)	3 108 000
Tunnel (landtunnel)	0			-
Undersjøisk tunnel	0			-
Sum	1 150	-	-	3 164 000

Som det framgår av tabellen er MOTIV-tallene ekskl. mva. Vi legger til grunn at

Postadresse
Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Brynsengfare 6A
0667 OSLO

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

behandlingen av mva i regnestykket for innsparte ferjetilskudd skjer ut fra at fylkeskommunen senere vil få refundert mva.

Seksjon for vegforvaltning og utvikling
Med hilsen

Randi Harnes
avdelingsdirektør

Iversen Bernt

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
Lars-Tore.Rydland@kmd.dep.no



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/2656-19

10. november 2017

Svar på spørsmål om forholdet mellom ferjeavløysingsordninga og bompengefinansiering

Vi viser til e-post frå Hordaland fylkeskommune v/Bjørn Inge Midtgård av 5. oktober 2017, med spørsmål om forholdet mellom ferjeavløysingsordninga og bompengefinansiering.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Samferdselsdepartementet legg til grunn at fylkeskommunane ikkje skal få dobbel kompensasjon for dei same kostnadene gjennom ferjeavløysingsordninga og andre ordningar. Meirverdiavgiftskompensasjonen blir derfor trekt ut av berekningsgrunnlaget når lengda på utbetalingsperioden skal fastsetjast (jf. punkt 5.4.2 i retningslinjene).

Departementa har no presisert at tilsvarende gjeld for eit eventuelt finansieringsbidrag frå bompengar, jf. nytt punkt 5.4.3 i retningslinjene:

Fylkeskommunen kan ikkje få dobbel kompensasjon for dei same byggjekostnadene gjennom både ferjeavløysingsmidlar og bompengeordninga. For prosjekt som omfattar bompengefinansiering, vil finansieringsbidraget frå bompengar bli trekt frå byggjekostnadene ved fastsetjing av berekningsgrunnlaget.

Departementa har også presisert at eventuelle bompengeinntekter ikkje kan nyttast til å betale renter på lån teke opp med ferjeavløysingsmidlar, jf. nytt punkt 5.4.4 i retningslinjene:

Ferjeavløysingsmidlane kan berre betalast ut til fylkeskommunen, og ikkje til eit eventuelt bompengeselskap. Bompengeinntekter kan ikkje nyttast til å dekkje rentekostnader på lån som bompengeselskapet ikkje sjølv har teke opp og står ansvarleg for. Bompengeinntekter kan derfor ikkje nyttast til å betale renter på lån teke opp av fylkeskommunen på grunnlag av ferjeavløysingsmidlar.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Lars Tore Rydland
22 24 68 80

Denne presiseringa følgjer av etablert praksis for bruk av bompengar, som er at bompengeselskapet ikkje har kostnadsansvar for renter på lån det ikkje sjølv har teke opp og står ansvarleg for. Sidan ferjeavløysingsmidlane ikkje kan betalast ut til andre enn fylkeskommunen, er det fylkeskommunen som må stå ansvarleg for lån som blir betalt med desse midlane.

Alle fylkeskommunar blir orientert om desse presiseringane i retningslinjene i eit eige brev.

Vi presiserer òg at retningslinjene ikkje stiller noko krav om at det skal vere delvis bompengefinansiering av ferjeavløysingsprosjekt. Det er opp til fylkeskommunen å vurdere om ein vil søkje om både bompengar og ferjeavløysingsmidlar for å finansiere vegprosjektet.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Lars Tore Rydland
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Samferdselsdepartementet

Bjørn Inge Midtgård

Fra: Bjørn Inge Midtgård
Sendt: 5. oktober 2017 11:09
Til: lars-tore.rydland@kmd.dep.no
Kopi: 'Namtvedt Dag'
Emne: Forholdet mellom ferjeavløsingstilskottet og delvis bompengefinansiering

Viktighet: Høy

Hei, vi held på med å snekra saman eit finansieringsopplegg for ferjeavløysing for Masfjordsambandet. I denne samanhengen skulle vi gjerne hatt nokre avklaringar om forholdet mellom ferjeavløysingsmidlar og bompengar. I pkt. 4.5 i retningslinjene står det at «*Viss prosjektet omfattar bompengefinansiering, skal bompengesøknad og søknad om ferjeavløysingsmidlar sendast Statens vegvesen i same sak.*» Dette tolkar vi som om det er valfritt, ikkje obligatorisk om fylkeskommunen vil nytta bompengar i prosjektet. Om prosjektet kan finansierast utan bruk av bompengar er det ikkje noko i vege for det.

I retningslinjene er det presisert i 5.4 at det er byggekostnadene som skal leggest til grunn i berekninga av lengda på utbetalingsperioden.

Kan dep. stadfesta at eventuelle bompengar ikkje vert trekt frå i berekningsgrunnlaget, at det ikkje skjer ei innkorting i tilskottet om ein legg opp til delvis bompengefinansiering av sambandet?

Med helsing

Bjørn Inge Midtgård

Seniorrådgjevar

Samferdselsavdelinga | transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

www.hordaland.no

Retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer

Fastsett av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 22.02.2016.
Sist revidert 10.11.2017.

1. Om ordninga

- 1.1 Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband, vanlegvis ei bru eller ein undersjøisk tunnel med tilhøyrande vegnett, som erstattar eller kortar inn på eit ferjesamband. Ordninga med alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesvegferjer legg til rette for at fylkeskommunane kan delfinansiere slike prosjekt med midlane dei får for ferjesambandet gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet.
- 1.2 Ordninga blei behandla av Stortinget i samband med kommuneproposisjonen for 2016 (Prop. 121 S (2014–2015), jf. Innst. 375 S (2014–2015)).

2. Ansvarsdeling


- 2.1 Samferdselsdepartementet avgjer kva prosjekt som skal omfattast av ordninga, på bakgrunn av tilråding frå Statens vegvesen.
- 2.2 Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastset storleiken på ferjeavløysingsmidlane.
- 2.3 Fylkeskommunane har ansvaret for sjølv å fremje saker som er aktuelle.

3. Vilkår for ordninga

- 3.1 Ordninga gjeld for fylkeskommunale ferjesamband som blir avløyst eller korta inn av eit fylkeskommunalt vegprosjekt.
- 3.2 Ordninga gjeld vegprosjekt som avløyser eller kortar inn på ferjesamband som var i ordinær drift per 1. januar 2016.
- 3.3 Før søknaden kan behandlast endeleg, må det liggje føre ein godkjent reguleringsplan og ein realistisk finansieringsplan for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/-10 prosent. Fylkeskommunen skal sørge for at det er gjennomført ei ekstern kvalitetssikring ved større prosjekt. Beløpsgrensa for kravet om ekstern kvalitetssikring er den same som grensa som til ei kvar tid gjeld for KS2 (*Kvalitetssikring og kostnadsoverslag*) i statlege prosjekt. Per desember 2016 var beløpsgrensa 750 mill. kroner.
- 3.4 Midlane som blir løyvde over denne ordninga skal nyttast til å finansiere ferjeavløysingsprosjektet, og ikkje andre føremål.

4. Søknadsprosessen

- 4.1 Fylkeskommunen skal avklare om vegprosjektet kjem inn under ordninga før den utformar den endelege søknaden om ferjeavløysingsmidlar. Førespurnad om ei slik førehandsavklaring skal rettast til Samferdselsdepartementet.
- 4.2 I samband med førehandsavklaringa, må fylkeskommunen be Kommunal- og moderniseringsdepartementet om eit overslag på kor mykje prosjektet kan utløyse i årlege ferjeavløysingsmidlar. Overslaget tek utgangspunkt i inntektssystemet slik det er på det tidspunktet førehandsavklaringa blir gjeve, og omfattar brutto ferjeavløysingsmidlar fråtrekt auka drifts- og vedlikehaldskostnader på vegnettet. Det faktiske beløpet blir fastsett i samband med behandlinga av den endelege søknaden.
- 4.3 Søknad om ferjeavløysingsmidlar, basert på eit fylkespolitisk vedtak, skal rettast til Statens vegvesen regionalt.
- 4.4 Fylkestinget må behandle søknaden, inkludert førebels finansieringsplan, og gjere eit prinsippvedtak om prosjektet før søknaden blir sendt til dei regionale vegmyndighetene.
- 4.5 Søknaden skal innehalde prinsippvedtaket frå fylkestinget, finansieringsplan med tilhøyrande dokumentasjon og informasjon om det nye vegnettet (inkl. framdriftsplan og opplysningar om endringar i veglengden fordelt etter vegtype/vegelement, vegstandard og trafikkprognose i ÅDT i opningsåret). Dokumentasjonen må stadfeste at prosjektet er i tråd med godkjent reguleringsplan. Viss prosjektet omfattar bompengefinansiering, skal bompengesøknad og søknad om ferjeavløysingsmidlar sendast Statens vegvesen i same sak.
- 4.6 Statens vegvesen regionalt behandlar søknaden og gjev tilråding til Vegdirektoratet, som så gjev si tilråding til Samferdselsdepartementet. Samferdselsdepartementet avgjer endeleg om prosjektet skal inkluderast i ordninga, ut frå vilkåra i retningslinjene.
- 4.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastset endeleg storleiken på ferjeavløysingsmidlane, inkludert lengda på utbetalingsperioden (jf. punkt 5.4). Fylkeskommunen blir underretta om dette.
- 4.8 Fylkestinget kan gjere nytt vedtak eller stadfeste tidlegare vedtak om prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla av departementa.
- 4.9 I ferjeavløysingsprosjekt der fylkeskommunen stiller kausjon eller annan økonomisk garanti for verksemder som blir drivne av andre enn fylkeskommunen, må garantien godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (jf. § 51 i kommuneloven). Søknad om godkjenning av fylkeskommunal garanti kan sendast etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla, men vedtaket om ferjeavløysingsmidlar fell bort viss garantisøknaden blir avvist av departementet.



Figur 1 Skjematisk framstilling av søknadsprosessen

5. Utrekning av ferjeavløysingsmidlar

- 5.1 Ferjeavløysingsmidlane blir berekna på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av ei bru eller ein tunnel. Tapet blir berekna ved å sjå på effekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. For vegprosjekt som kortar inn på eit ferjesamband utan å avløyse det heilt, vil departementet gjere eit overslag på endringa i kriteriedata for ferjesambandet.
- 5.2 Det berekna beløpet blir justert for endringar i drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg i utgiftsutjamninga, sidan ei bru eller ein tunnel fører til ein auke i kompensasjonen i inntektssystemet for drifts- og vedlikehaldsutgifter til vegar. Justeringa er nødvendig for å hindre at fylkeskommunane får dobbel kompensasjon gjennom inntektssystemet. Justeringa blir berekna ved å sjå på effekten av å endre kriteriedata knytte til fylkesveg i utgiftsutjamninga i inntektssystemet.
- 5.3 Berekninga tek utgangspunkt i inntektssystemet slik det er på det tidspunktet søknaden blir behandla. Beløpet blir ikkje berekna på nytt viss det seinare blir gjort endringar i inntektssystemet eller i kriteriedata.
- 5.4 Det berekna beløpet ligg fast i inntil 40 år, men fylkeskommunen skal i sum ikkje få meir i kompensasjon enn kostnaden ved prosjektet som erstattar det nedlagde ferjesambandet.
- 5.4.1 Det er byggjekostnadene som blir lagt til grunn i berekninga av kor lenge fylkeskommunen skal få ferjeavløysingsmidlar for eit prosjekt. Renteutgifter til eventuelle lån for å finansiere prosjektet blir ikkje dekte av ferjeavløysingsordninga. Dette inneber at samla utbetaling i nominelle kroner ikkje skal overstige dei nominelle byggjekostnadene.
- 5.4.2 Meirverdiavgiftkompensasjonen skal trekkjast frå byggjekostnadene ved fastsetjing av berekningsgrunnlaget.
- 5.4.3 Fylkeskommunen kan ikkje få dobbel kompensasjon for dei same byggjekostnadene gjennom både ferjeavløysingsmidlar og bompengordninga. For prosjekt som omfattar bompengefinansiering, vil finansieringsbidraget frå bompengar bli trekt frå byggjekostnadene ved fastsetjing av berekningsgrunnlaget.
- 5.4.4 Ferjeavløysingsmidlane kan berre betalast ut til fylkeskommunen, og ikkje til eit eventuelt bompengeselskap. Bompengeinntekter kan ikkje nyttast til å dekkje rentekostnader på lån som bompengeselskapet ikkje sjølv har teke opp og står ansvarleg for. Bompengeinntekter kan derfor ikkje nyttast til å betale renter på lån teke opp av fylkeskommunen på grunnlag av ferjeavløysingsmidlar.

- 5.4.5 Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastset lengde på utbetalingsperioden i samband med behandlinga av søknaden om ferjeavløysingsmidlar. Det blir opplyst om lengda på utbetalingsperioden i kommuneproposisjonen for det første året ferjeavløysingsmidlane skal betalast ut.
- 5.5 Det årlege beløpet til ferjeavløysingsmidlar blir prisjustert med den kommunale deflatoren frå året vedtaket blei gjort og fram til ferja er avløyst og midlane blir utbetalt. Beløpet blir vidare prisjustert med 2,5 pst. i heile perioden det blir utbetalt.

6. Utbetaling av ferjeavløysingsmidlar

- 6.1 Ferjeavløysingsmidlane blir utbetalt over rammetilskotet frå og med budsjettåret etter at ferjesambandet er avløyst. Midlane blir vist i tabell C-fk *Saker med særskild fordeling*, i Grønt hefte. Alle nye ferjeavløysingsprosjekt blir omtalt i kommuneproposisjonen for det året dei kjem inn under ordninga.
- 6.2 Fylkeskommunen må orientere departementa viss det skjer vesentlege endringar i framdriftsplanen for prosjektet.
- 6.3 Fylkeskommunen må stadfeste forventa dato for ferdigstilling av ferjeavløysingsprosjektet innan 1. mars året før ferjeavløysingsmidlane skal utbetalast. Stadfestinga skal sendast per brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Samferdselsdepartementet. Viss fylkeskommunen ikkje melder frå innan denne fristen, vil det ikkje bli utbetalt ferjeavløysingsmidlar for det første året.



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/775-5

10. november 2017

Presisering i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga

Vi vil med dette orientere om at Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) og Samferdselsdepartementet (SD) har teke inn ei presisering i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga. Presiseringa gjeld korleis ei eventuell bompengefinansiering vil verke inn på lengda på utbetalingsperioden for ferjeavløysingsmidlar.

Ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer blei lagt fram i kommuneproposisjonen for 2016 (Prop. 121 S (2014–2015)). Retningslinjene for ordninga blei fastsett av KMD og SD i februar 2016 og revidert i mars 2017.

Eit vegprosjekt kan utløyse ferjeavløysingsmidlar i inntil 40 år, men fylkeskommunen skal i sum ikkje få meir i ferjeavløysingsmidlar enn dei nominelle byggekostnadene til prosjektet (jf. punkt 5.4 og 5.4.1 i retningslinjene). Departementa legg til grunn at fylkeskommunane ikkje skal få dobbel kompensasjon for dei same kostnadene gjennom ferjeavløysingsordninga og andre ordningar. Meirverdiavgiftskompensasjonen blir derfor trekt ut av berekningsgrunnlaget når lengda på utbetalingsperioden skal fastsetjast (jf. punkt 5.4.2 i retningslinjene).

Departementa har no presisert at tilsvarande gjeld for eit eventuelt finansieringsbidrag frå bompengar, jf. nytt punkt 5.4.3 i retningslinjene:

Fylkeskommunen kan ikkje få dobbel kompensasjon for dei same byggjekostnadene gjennom både ferjeavløysingsmidlar og bompengordninga. For prosjekt som omfattar bompengefinansiering, vil finansieringsbidraget frå bompengar bli trekt frå byggjekostnadene ved fastsetjing av berekningsgrunnlaget.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Lars Tore Rydland
22 24 68 80

Dette betyr at bompengar, ferjeavløysingsmidlar og meirverdiavgiftskompensasjon i sum ikkje kan utgjere meir enn 100 pst. av byggekostnaden i finansieringsplanen.

Departementa har også presisert at eventuelle bompengeinntekter ikkje kan nyttast til å betale renter på lån teke opp med ferjeavløysingsmidlar, jf. nytt punkt 5.4.4 i retningslinjene:

Ferjeavløysingsmidlane kan berre betalast ut til fylkeskommunen, og ikkje til eit eventuelt bompengeselskap. Bompengeinntekter kan ikkje nyttast til å dekkje rentekostnader på lån som bompengeselskapet ikkje sjølv har teke opp og står ansvarleg for. Bompengeinntekter kan derfor ikkje nyttast til å betale renter på lån teke opp av fylkeskommunen på grunnlag av ferjeavløysingsmidlar.

Denne presiseringa følgjer av etablert praksis for bruk av bompengar, som er at bompengeselskapet ikkje har kostnadsansvar for renter på lån det ikkje sjølv har teke opp og står ansvarleg for. Sidan ferjeavløysingsmidlane ikkje kan betalast ut til andre enn fylkeskommunen, er det fylkeskommunen som må stå ansvarleg for lån som blir betalt med desse midlane.

Vi presiserer at retningslinjene ikkje stiller noko krav om at det skal vere delvis bompengefinansiering av ferjeavløysingsprosjekt. Det er opp til fylkeskommunen å vurdere om ein vil søkje om både bompengar og ferjeavløysingsmidlar for å finansiere vegprosjektet.

Dei reviderte retningslinjene for ordninga er lagt ved dette brevet og er også publisert på KMDs nettsider.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Lars Tore Rydland
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Samferdselsdepartementet

Adresseliste

Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Bedriftssenteret		
	Postboks 7900	5020	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune	Prinsens gate 100	8048	BODØ
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Seilmakergata 2	7735	STEINKJER
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen Vegdirektoratet	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350 Sluppen	7004	TRONDHEIM
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 517	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Lundsiden		
	Svend Foyns gate 9	3126	TØNSBERG
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG